
Saksnr: 2020/1928-68
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet		26.05.2020

Konferanse/opplæring kommunale råd i Vestland - deltaking og løyving

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet tek informasjonen til vitande. Rådet ber leiar tiltre arbeidsgruppa som er etablert etter vedtak i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Gruppa har fått i oppdrag å arbeide med å førebu ein digital konferanse/opplæring for kommunale medverknadsorgan i Vestland. Fylkeseldrerådet vedtek å setje av midlar tilsvarende rådet for menneske med nedsett funksjonsevne si løyving til dette arbeidet.

Samandrag

Fylkeseldreråda i Hordaland og Sogn og Fjordane har kvart år invitert dei kommunale eldreråda til ein årleg konferanse. Rådet i Vestland ynskjer å halde fram med eit slikt årleg arrangement, og hadde drøfta september 2020 som eit høveleg tidspunkt for dette. Grunna situasjonen med covid-19 vil det ikkje vera mogleg å invitera rådsmedlemar til slik opplæring dersom ein vel å gjennomføra eit slikt arrangement på tradisjonelt vis der ein samlast på ein konferansestad. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har også hatt tradisjon for slike årlege konferansar for kommunale rådsmedlemar. Av same grunn vert det heller ikkje høve til å arrangera dette i 2020. Med bakgrunn i vedtak i RMNF vart det etablert ei arbeidsgruppe som skulle arbeide vidare med eit digitalt arrangement/opplæring for medverknadsorgana i Vestland. Fylkeseldrerådet er invitert til å delta i arbeidsgruppa.

Bertil Søfteland
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad
utvalssekretær

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Arbeidsgruppa som er etablert for å arbeide med eit digitalt opplæringstilbod/konferansedagar for kommunale råd, er breidt samansett. Utgangspunktet var ein invitasjon frå Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) om samarbeid om brukaropplæring av kommunale råd. SAFO som er ein annan paraplyorganisasjon for personar med nedsett funksjonsevne vart også invitert, men har valt anna løysing for opplæring av sine rådmedlemar.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjorde i rådsmøte 27.11.2019 vedtak om at eit slik arrangement skulle gå over 2 dagar i byrjinga av mai 2020. Konferansestaden skulle vera Scandic Ørnen Hotel Bergen. Grunna situasjonen med covid-19 var det ikkje mogleg å halde fram planlegginga med tanke på eit slikt arrangement.

Fylkeskommunen har også i sine plandokument for folkehelse eit tilsvarande vedtak om samarbeid om opplæring av kommunale råd i fylket - då særleg retta mot universell utforming. Arbeidsgruppa vart utvida med tre representantar frå seksjon klima, miljø og folkehelse. I seinare tid har seksjonssjef frå kulturavd. - inkludering, strategi og analyse, vorte innlemma i denne arbeidsgruppa. Fylkeseldrerådet er invitert med, og rådsleiar har teke del i dei to siste møta i gruppa.

Då ein ikkje kunne halde fram arbeidet med tanke på eit tradisjonelt arrangement med fysisk oppmøte på konferansestaden, arbeider ei no ut ifrå at digitale løysingar kan takast i bruk. Ein vil med ei slik løysing også kunne nå alle medlemane i dei kommunale råda, samt planleggjarar og sakshandsamarar i kommuneadministrasjonen. Det er også ynskje om at politikarar vil delta.

Arbeidsgruppa har sett på ulike moglegheiter, og er i dialog med IT-avdelinga i fylkeskommunen om å få til ei god løysing for å arrangera digital opplæring/webinar. Ein har også starta arbeidet med å kartleggja råd og utval i kommunane, samt etablera dialog med leiinga i dei same kommunane.

Fleire kommunar har valt å etablera felles råd for inneverande periode.

Gruppa har også fordelt arbeidsoppgåver, så også innhaldet i ei slik opplæring vert det arbeid med parallelt med å løyse tekniske utfordringar. Det er tekniske løysingar med bl.a. tolketeneste og vonaleg også teksting. Dette materiellet vil også vera tilgjengeleg for bruk i ettertid. Fredag 4. september og fredag 2. oktober er allerede fastsett som aktuelle arrangementsdagar. Møtetid er sett frå kl. 10.00-14.00. Møtestaden vil vera rådhuset/kommunehuset i den einskilde kommune.

Ein tek sikte på å samhandla vidare med dei kommunale råda også i 2021, men på kva måte må ein vurdera når ein har evaluert arbeidet hausten 2020. Dei kommunale råda vil også delta i denne evalueringa. Det som er ynskjeleg er at ein kan einast om ein opplæringspakke vidare med ulike tema. Det vil bli nytta både eksterne og interne innleiarar.

Det er søkt om midlar eksternt, bl.a. til BUFdir. I tillegg har FFO sett av midlar til dette arbeidet. Dei har også motteke fylkeskommunale midlar til slik opplæring. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har sett av ktr 100.000 av sine budsjettmidlar til arbeidet. Fylkeseldrerådet må også ta stilling til korleis rådet kan bidra med økonomisk støtte til dette.

Vedtakskompetanse

Fylkeseldrerådet kan sjølv gjera vedtak om deltaking i slike aktivitetar og arrangement.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Deltaking i aktiviteter og arrangement må dekkast innafor rådet sitt tildelte budsjett

Klima: ikkje relevant

Folkehelse: ikkje relevant

Regional planstrategi: ikkje relevant

Konklusjon

Fylkeseldrerådet tek informasjonen til vitande. Rådet ynskjer å delta i det vidare arbeidet med å førebu gjennomføring av ein slik konferanse/opplæringstilbod til dei kommunale råda i Vestland. Rådsleiar vil representera fylkeseldrerådet i dette arbeidet. Rådet gjer vedtak om å setje av midlar tilsvarande rådet for menneske med nedsett funksjonsevne si løyving til dette arbeidet.